



Ørskog kommune
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Rådmannen

Arkiv: F99
Saksmappe: 11/123
Saksbehandlar: Janette O. Steinvik
Dato: 14.01.2011

HØYRINGSSVAR VEDKOMANDE FORSLAG TIL LOVENDRINGAR FRÅ HOD TIL NY LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER, NY LOV OM FOLKEHELSE OG GRUNNLAG FOR NY NASJONAL HELSE- OG OMSORGSPLAN.

SAKSGANG		
Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	27.01.2011

Samandrag:

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenster, ny lov om Folkehelse og grunnlaget for ny helse og omsorgsplan er ute på høyring. Høyringsfristen for dei nye lovforslaga er 18. januar 2011. Ørskog Formannskapet vert bedt om å behandle høyringssvar frå Ørskog kommune.

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.12.2010	Vegard Austnes	Samordna høyringssvar for kommunane i ÅRU-samarbeidet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.01.2011	Høyringssvar Ørskog kommune.DOC	36756

Saksopplysningar:

På dialogmøtet som Ålesundregionens Utviklingsselskap (ÅRU) arrangerte måndag 13. desember vart det avtalt at ÅRU skulle leggje til rette for at medlemskommunane skulle kunne samordne høyringssvara sine til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) når det gjeld grunnlaget for ny helse- og omsorgsplan, ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester og ny lov om folkehelse. Høyringsfristen for dei nye lovforslaga er 18. januar 2011.

På dialogmøtet vart det bestemt at eit samordna høyringssvar skal vere utarbeidd innan nyttår. Kommunane har då tid til å handsame det samordna høyringssvaret politisk innan høyringsfristen. Ørskog formannskap har møte den 27.1.2011. Det er av den grunn lagt opp til at Ørskog kommune sender inn sitt høyringssvar, og ettersender vedtaket når dette ligg føre.

Medlemmar og varamedlemmar til administrativt samhandlingsutval frå kommunane i ÅRU-samarbeidet har delteke i arbeidet med å lage det samordna høyringssvaret. Eit samordningsmøte vart halde 21. desember. Liv Stette, Håvard Overå, Kjetil Fylling, Dag Flacké og Vegard Austnes deltok her. Det vart teke utgangspunkt i høyringssvaret frå KS Møre og Romsdal til Helse- og omsorgsdepartementet. Frå Ulstein kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune og Ålesund kommune har det kome skriftlege innspel til arbeidet med det samordna høyringssvaret.

Samordna høyringssvar er utarbeidd og følgjer som vedlegg til saka. Etter gjennomgang av samordna høyringssvar, har Ørskog kommune gjort nokon endringar.

Sjølve høyringsdokumenta er å finne på: <https://fremtidenshelsetjeneste.regjeringen.no>

Høyringsvaret frå Ørskog kommune, skal sendast ÅRU innan 17.1.2011, og det vil vidare bli sendt inn samla frå ÅRU til HOD 18.1.2011.

Vurdering:

I høyringsvaret er det teke utgangspunkt i KS Møre & Romsdal sin høyringsuttale. Denne uttalen er blitt tydleggjort og spissa på nokre punkt og nokre nye punkt er tatt med.

Rådmannen legg saka fram med slik

INNSTILLING:

Ørskog formannskap vedtar høyringsvar frå Ørskog kommune til Helse- og omsorgsdepartementet vedkomande forslag til lovendringar til ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, ny lov om folkehelse og grunnlag for ny nasjonal Helse- og omsorgsplan slik det går fram av vedlegg til saka.

Rådmannen i Ørskog
Anders P.Grotle

Rådgjevar personal
Janette O. Steinvik

Utskrift til: